

# **Vedtekter for foreininga Stryn Ping Pong Club**

## **§ 1 Foreininga sitt namn**

Foreininga sitt namn namn er **Stryn Ping Pong Club (SPPC)** og vart stifta 17.april 2004.

## **§ 2 Foreininga sitt føremål**

Stryn Ping Pong Club skal vere ein aktiv medspelar i å utvikle ei levande og godt lokalsamfunn gjennom å styrke det sosiale fellesskapet i nærmiljøet. Foreininga skal stimulere til økt frivillig innsats i eiga foreining og i andre ideelle organisasjonar i nærmiljøet. Foreininga skal være en aktiv del av lokalsamfunnet og samarbeide med private og offentlige aktørar der dette kan bidra til økt måloppnåing. Stryn Ping Pong Club skal og vere ein arena der nytiflytta og fastbuande i nærmiljøet skal bli kjende med sambygdingar og knyte sosiale band med kvarandre.

## **§ 3 Juridisk person**

1. Foreininga er sjølveigande og ein frittståande juridisk person med upersonlig og avgrensa ansvar for gjeld.

## **§ 4 Medlemskap**

1. Klubben er open for alle menn over 25 år som ynskjer å delta i aktiviteten klubben har føre seg.
2. Aspirerande medlemmar kan ikkje nektast medlemskap på bakgrunn av etnisitet, politisk syn eller legning.
3. Det vert forventa at medlemmar lever etter samfunnets normer for skikk og bruk og norsk lov.
4. Ved fire oppmøte på Klubbmøter eller andre arrangement i eit kalenderår vert ein medlem i foreininga om ein ynskjer det.
5. For å oppretthalde medlemskapet må kvar medlem møte på fire Klubbmøter eller arrangement kvart kalenderår. For eksisterande medlemmar blir medlemskapet automatisk fornya dersom ein støttar dette kravet.
6. Årsmøtet kan gje medlemmar permanent medlemskap, noko som fritek dei frå kravet i §4-5.
7. Om ein ikkje ynskjer å vere medlem kan ein framleis møte på Klubbmøter, men har ikkje rettigheter og plikter som medlem.

8. Sekretæren i foreininga har tilsyn med medlemslister og ajourfører desse.

## **§ 5 Stemmerett og val**

1. Alle medlemmar har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga.

## **§ 6 Kontingent**

1. Foreininga har ingen kontingent, men klubbmøter blir drivne etter sjølvkostprinsippet, der medlemmane betaler ein inngangsbillett for deltaking.

## **§ 7 Plikter**

1. Medlemmar i foreininga kan bli uttrekt til å stå som ansvarleg for klubbmøte saman med ein annan person.

2. Medlemmane har kollektivt ansvar for å gjennomføre dei aktivitetar som årsmøtet har vedtatt.

## **§ 8 Dugnadsinnsats**

1. I samband med større arrangement som krev dugnadsinnsats frå klubben sine medlemmar, blir det laga bindande dugnadslister.

2. Dersom dugnadsinnsatsen blir tilfredstillende utført kvalifiserer medlemmen til kompensasjon for dugnadsinnsats, dersom dette blir gitt.

3. Dersom eit medlem ikkje gjennomfører dugnad tilfredsstillande mister vedkomande retten til kompensasjon for dugnadsinnsats.

4. Årsmøtet kan vedta å dele ut kompensasjon for dugnadsinnsats, dersom økonomien etter arrangementa i føregåande år tillèt dette.

4a. Slik kompensasjon kan ikkje overstige grensa for Skattefrie foreiningar sitt fritak frå plikta til å sende inn lønnsoppgåve, ref. Skattelova §2-32.

4b. Slik kompensasjon skal ikkje utbetalast til den enkelte medlem, men disponerast av foreininga til å styrke samhaldet i foreininga gjennom å arrangere ein sosial medlemsaktivitet eller tur.

4c. Dersom ein medlem som er kvalifisert til kompensasjon for dugnad ikkje ønskjer å delta i ein slik aktivitet mister han rett til kompensasjonen.

## **§ 9 Utmelding**

1. Medlemmar som ynskjer å melde seg ut av foreininga kan gjere dette ved munnleg beskjed til sekretær, og til leiaren av dei prosjekta arrangementa ein eventuelt har forplikta seg til.
2. Medlemmar som ikkje støttar krava i §4.5 eller §4.6 blir automatisk utmeld av klubben.

## **§ 10 Klubbmøter (First Friday)**

Medlemsmøta skal først og fremst vere ein sosial arena der medlemmane kan møtast i uformelt lag. Aspirerande medlemmar vert presentert for klubben, og får eit innblikk i korleis klubbdrifta er. Møta vert og brukte til å presentere prosjekt og arrangement som foreininga er involvert i. Klubbmøtet skal og behandle og avgjere dei sakene styret legg fram til behandling.

Gjennomføring av klubbmøte vert gjort etter gjeldande reglar:

1. Medlemsmøta skal vere den første fredagen i kvar månad klokka 19.30.
2. Klokkeslett kan fråvikast om tungtvegande grunnar ligg føre, men då helst med tidlegare start.
3. Dag er ufråvikeleg
4. Medlemsmøta vert organisert av to møteleiarar
5. Foreininga nyttar rotasjonsprinsippet for val av arrangør. Alle som deltek på tre eller fleire møter er forplikta til stille som arrangør dersom desse vert valde ut.
6. Arrangør står fritt til å velje stad og tema for møte.
7. Medlemmane vert avkrevd eigenandel for møtet. Denne er annonser i innbydinga.
8. Møteleiarane er og ansvarlege for å trekke ut, om det ikkje ligg inne fast arrangør for neste møte, to arrangørar for neste møte.
9. Arrangør pliktar å opplyse om kvar møte skal finne stad i to dagar før neste møte.
11. Arrangør pliktar å legge ut referat om møtet og neste gongs arrangør innan 10 – ti – dagar etter møteslutt.
12. Det innkallast til ekstra klubbmøte når styret ønskjer det eller minst 1/3 av medlemmene krev det.
13. Klubbmøtet kan avgjere alle saker som ikkje krev årsmøtebehandling. Klubbmøtet er beslutningsdyktig når minst halvparten av medlemmane er til

stades. Saker avgjerast med simpelt fleirtall, med mindre anna er bestemt. Ved stemmelikhet ansjåast eit forslag for ikkje vedtatt. Det er ikkje tillatt å stemme ved fullmakt.

## **§ 11 Tillitsvalte**

1. Tillitsvalte vert valde av Årsmøtet for 2 år i gangen.
2. Klubbleder  
Klubbledaren er ansvarlig for aktiviteten i klubben og er klubbens ansikt utad.
3. Økonomiansvarlig  
Økonomiansvarlig skal føre rekneskap for klubbens aktiviteter og disponere klubbens midlar i henhold til disse vedtekten og beslutningar som blir gjort på klubbmøter eller i styret.
4. Tillitsvalgte skal ikkje motta honorar for sine verv.

## **§ 12 Årsmøte**

1. Årsmøtet, skal avhaldast i desember etter siste klubbmøte kvart år og er foreininga si høgste myndighet. Årsmøtet vert innkalla av styret med minst 14 dagars varsel, direkte til medlemmene og/eller ved kungjøring på foreininga sine informasjonssider. Forslag som skal behandlast på årsmøtet skal være sendt til styret seinast 1 veke før årsmøtet. Fullstendig saksliste må være tilgjengelig for medlemmene seinast 3 dagar før årsmøtet.
2. Alle medlemmer har adgang til årsmøtet.
3. Årsmøtet er vedtaksført med det antal stemmeberettiga medlemmer som møter. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt.
4. Årsmøtet kan berre behandle forslag om vedtektsendring som er oppført på saklista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan behandlast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik beslutning kan berre takast i samband med godkjenning av sakslista.

## **§ 13 Leiing av årsmøtet**

1. Årsmøtet blir leia av vagt møteleiar.

## **§ 14 Stemmegjeving på årsmøtet**

1. Med mindre anna er bestemt skal eit vedtak for å vere gyldig vere gjort med alminnelig fleirtal av dei avgitte stemmene. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje avgitt.

2. Val foregår skriftlig viss det foreiggår meir enn ett forslag. Berre foreslårte kandidatar kan førast opp på stemmeseddelen. Skal fleire velgast ved same avstemming, må stemmesedlane innehalde det antall forskjellige kandidatar som det skal veljast ved vedkommande avstemming. Stemmesedler som er blanke, eller som innehelder ikkje-foreslårte kandidatar, eller annet antall kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje, og stemmene anses som ikkje avgitt.

3. Når et valg foregår enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei oppgitte stemmene, blir det føreteke bunde omvalg mellom dei to kandidatane som har oppnådd flest stemmer. Er det ved omvalg like mange stemmer, blir valet avgjort ved loddrekning.

4. Når det ved valg skal veljast fleire ved en avstemming, må alle for å bli ansett som valgt ha meir enn halvparten av dei avgitte stemmene. Dette gjelder ikkje ved valg av vararepresentantar. Viss ikkje tilstrekkeleg mange kandidatar har oppnådd dette i første omgang, blir dei som har fått meir enn halvparten av stemmene ansett som valgt. Det foretas så bundet omvalg mellom de øvrige kandidatane, og etter denne avstemminga anses de valt som har fått flest stemmer. Er det ved omvalg like mange stemmer, blir valet avgjort ved loddrekning.

## § 15 Årsmøtets oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne årsmelding
2. Godkjenne regnskap, budsjett og disponering av overskot / dekking av underskot.
3. Vedta større arrangement i regi av klubben i komande år
3. Behandle innkomne forslag
4. Velge:
  - a) Tillitsvalte (klubbleiar og økonomiansvarleg)
  - b) Styre, herunder styrets leder.
  - c) Leiar for arrangement som har eigen arrangør
  - d) Komité for utdeling av tilskot til lag og organisasjonar

## § 16 Disponering av overskot og utdeling av midlar

1. Årsmøtet vedtar disponering av overskot med utgangspunkt i følgjande regel:

- 1/3 skal settast av til å sikre klubben si drift og dekke framtidig underskot
- 1/3 skal settast av til løpende drift av klubben i komande år, inkludert kompensasjon for dugnadsinnsats ihht. §8
- 1/3 skal fordelast til veldedige lag og organisasjonar

2. Årsmøtet vel ein komité som tek i mot søknader frå lag og organisasjoner og tildeler midlar. Alle mottakarar må være frivillige organisasjonar.

Privatpersonar kan ikkje motta støtte. Informasjon om korleis ein søker og

kven som mottar tilskot skal offentleggjeraast gjennom annonser, offentlege arrangement, presseoppslag eller liknande.

### **§ 17 Ekstraordinære årsmøter**

1. Ekstraordinære årsmøter blir holdt når styret bestemmer det, eller minst en tredjedel av de stemmeberettiga medlemmene krev det.
2. Det blir innkalla på samme måte som for ordinære årsmøter, med minst 14 dager varsel.
3. Ekstraordinært årsmøte kan bare behandle og ta avgjørelse i de sakene som er kunngjort i innkallinga.

### **§ 18 Styret**

1. Foreininga blir leia av eit styre på 5 medlemmer. Styret er klubben si høgaste myndighet mellom årsmøtene.
2. Styret består av Klubbleder, Økonomiansvarlig og tre andre medlemmar frå klubben. Dei tillitsvalde blir valde for to år, mens øvrige styremedlemmar er på val kvart år.
3. Årsmøtet vel styret og utnevner styreleiar. Dei andre rollene i styret er kasserer, sekretær og to styremedlemmar. Disse posisjonane konstituerer styret sjølv.
4. Styret skal:
  1. Ha overordna ansvar for at SPPC etterlever sine vedtekter
  2. Ha overordna ettersyn med foreininga sin økonomi og forvaltning av midlar.
  3. Iverksette årsmøtet sine bestemmelser
  4. Oppnemne etter behov komiteer/utvalg/personer for spesielle oppgaver  
og utarbeide instruks for disse.
  5. Administrere og føre nødvendig kontroll med SPPC sin økonomi i henhold til de til einkvar tid gjeldende instrukser og bestemmelser.
5. Styret skal halde møte når leiaren forlanger det eller et fleirtal av styremedlemmene forlanger det.
6. Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtall av de avgjevne stemmene. Ved stemmelikhet tel møteleiaren si stemme dobbelt.

### **§ 19 Vedtektsendring**

1. Endringer i disse vedtektena kan berre takast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krevs 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

## § 20 Oppløysning

1. Denne paragrafen kan ikkje endrast.
  2. Oppløysning av SPPC kan berre behandlast på ordinært årsmøte. Blir oppløysning vedteke med minst 2/3 fleirtal, blir det kalla inn til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare.
  3. I tilfelle oppløysning skal alle Klubbens oppsparte midlar delast ut til lag og organisasjonar ihht. §16.2.
- 

Vedtatt på ekstraordinært årsmøte 18.august 2015,



Arve Aaning



Jan Fjellkårstad